

Den komplette julebutikken.

16.12.2017



Det er eit godt utval av flotte, jamne juletre Geir Enes har å by på.

Dei som ønskjer å vera litt effektive i julehandelen, gjer lurt i å svinga oppom Feet og Elins Matgleder. Der finn ein nemleg det meste som ein treng til jul. Elins Matgleder byr på langt meir enn julekjeks og bakverk. Her finn vi eit godt og spennande utval i julegåver, julepynt, fine juletre og julenek for å nemna noko.



Grillkubbar og julenek er det også å få kjøpt.

Då eg var innom midt på dagen laurdag, var kundane begynt å siga på. Både Elin sjølv, dottera Anine og ektemannen Geir var alle i full sving med å betjena kundar. Geir styrtte 'uteavdelinga' der vi la merke til både julenek til fuglane og grillkubbar til å sikra utekosen i tillegg til juletrea. Eg la merke til at det ville vera svært enkelt å velja juletre der, for det var svært fine tre dei hadde å by på. Geir kunne fortelja at dei hadde fått dei levert frå Sandeid. Ute kunne ein også grilla både pølser og brød.

Inne var Elin travelt opptatt med å betjena handlande i første etasje i bakehuset. Nokre av kundane kom frå silobutikkane der det var mykje fint både i pynt og julegåver. Nokre sikra julebaksten og julekonfekt av god heimelaga sort. Nokre kjøpte også med seg noko godt som dei tok med i 2. etasje og nytte til kaffi medan dei slappa av.



Viljar Berge-Soldal, Andrea Huse Bjørnebøle og Linnea Enes var blant borna som kosa seg med nissemåling.

I 2.etasje var det også juleverkstad for borna med to stasjonar der det var peparkakepynting og nissemåling. Medan det var meir travelt nede, rådde det god og avslappende førjulstemning i denne etasjen. Det var ei fin blanding av vaksne som kosa seg med kaffikoppen og praten, og born som kosa seg med førjulsaktivitetane. I tillegg til dette hadde borna Oliver og Linnea ein omvend julekalender der sei selde glas med julebrus til inntekt for SOS barnebyar.



Sjølvsagt var det mange som sikra seg ekte godsaker til jul.

Elins Matgleder held ope til kl.16 i dag, men i morgen, søndag, er det nye muligheter. Då kan kundande også nyta middagen der. Då vert det servert kalkunfilét med waldorfsalat, fløytesaus, grønsaker og poteter og sjølvsagt ein god dessertbuffé. Her er det begrensa plasser så det må bestillast bord til kl.16 på tlf 470 12 125.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland